



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
v/ Kjersti Flatråker  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:  
2011/189070-007

Dykkar referanse:  
14/524 - 14/9113

Vår dato:  
10.10.2014

### **Uttale til plansak 12602011000500 - detaljplan - Snekkevika hyttefelt - kunngjering av vedtak om 2. gongs høyring og offentlig ettersyn**

Vi viser til Dykkar brev dagsett 27.08.2014 med uttalefrist 15.10.2014 – Kunngjering av vedtak om 2. gongs høyring og offentlig ettersyn av detaljplan for Snekkevika.

Planområdet ligg ved Snekkevika, aust i Radøy kommune og omfattar gnr. 64 bnr. 34, 38, 41, 50, 86 mfl. Føremålet med planen er å regulere det aktuelle området til fritidsbusetnad med småbåthamn og tilhøyrande infrastruktur.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanar med bakgrunn i rollene som

- Vegstyresmakt i riksvegsaker
- Vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- Statleg fagstyresmakt med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljølemper knytt til veg- og vegtrafikk.

#### **Uttale**

Kryssingspunktet mellom Fv. 565 og tilkomstveg til Snekkevika inngår i planområdet. Statens vegvesen har i sin uttale til 1. gongs høyring av planframlegget sagt at svingradius bør være 9 meter i krysset. I framlegget som no er til 2. gongs høyring er det likevel vist ein svingradius på berre 7 meter, og plankonsulent viser til at tiltaket trass i dette vil føre til ei betring av trafikksituasjonen her.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t. Statens vegvesen vil på nytt påpeike at svingradius i det aktuelle kryssingspunktet må være 9 meter. (18 meter i diameter) Spesielt er dette viktig ettersom Fv. 565 er smal med ei vegbredde på om lag 3 meter på dette strekket. Planframlegget legg opp til to områder avsett til arealføremålet småbåthamn (SH1 og f\_SH2). Det må derfor kunne leggjast til grunn at det for båteigarar vil være aktuelt å køyre med bil med tilhengar inn og ut av planområdet. Sjølv om det også i dag ligg ei småbåthamn med naustområde inst i Snekkevika må det gjennom reguleringsplanen leggjast til rette for

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

trafiksikre løysingar som sikrar god avvikling av trafikken i det aktuelle kryssingspunktet mot fylkesveg.

Statens vegvesen merkar seg at ordlyden i planføresegnene § 2.4 er noko endra. Vi vil likevel igjen be om at ordlyden vert enda til følgjande tekst:

*«Saman med søknad om rammeløyve skal det sendast inn byggteknisk detaljplan for kryssområdet til eksisterande fylkesveg og ny møteplass ved fylkesvegen. Detaljplanen skal godkjennast av Statens vegvesen før noko arbeid i marka vert sett i gong.»*

Planområdet er utvida og tek no med seg parkeringsplass og turveg i nord. Sjølv om planframlegget viser ein eksisterande situasjon og ikkje legg opp til nokon endringar må regulert avkøyrslé visast med ein svingradius på 4 meter (8 meter i diameter) i plankartet.

Vi imøteser eit revidert planframlegg som tek omsyn til merknadane våre.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
Seksjonsleiar



Ingelin Garen

Kopi: Hordaland fylkeskommune, planseksjonen  
Fylkesmannen i Hordaland